



Saksmappe: 2023/1880  
Sakshandsamar: AMO  
Dato: 05.01.2024

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
5/24	Planutval	15.01.2024

### Oppstart av planarbeid - Parkering Fjellparkvegen - Hovdenut, planID 202401, planID 202401

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Planutvalet godkjenner oppstart av planarbeid for detaljregulering Parkering Fjellparkvegen – Hovdenut, planID 202401.

Planutval si handsaming av sak 5/2024 i møte den 15.01.2024:

#### Handsaming

Bjørn Erling Auestad (H) ba planutvalet vurdere hans habilitet. Planutvalet fann samrøystes at han er ugild i saka jf. Fvl. § 6,2. Ingen kom inn som vara

Tilrådinga blei samrøystes vedteken

#### Vedtak


Planutvalet godkjenner oppstart av planarbeid for detaljregulering Parkering Fjellparkvegen – Hovdenut, planID 202401.

#### Saksutgreiing

##### Bakgrunn for saka

Kommunen ynskjer å legge til rette for parkering ved start av sti til Hovdenuten i Fjellparken. Auka bruk og trafikk til Hovdenuten med dagsturhytte og sherpasti, krev tiltak i form av parkering for trafikk til turløypa. Det er naturleg at denne ligg i området kor stien opp til Hovdenuten startar.


Det er eit område med høg grad av utbygging og administrasjonen har undersøkt kor beste lokasjon for parkering kan vere og tilrår området ein ser av figur 2, samt vedlagt kart med planavgrensing. Det vart gjennomført oppstartsmøte 20.12.2023 med ansvarleg søkar. Planområdet er på ca. 3,2 daa og ligg på deler av eigedomane gnr./bnr. 2/523 og 2/8. Planarbeidet vil avklåre storleik på parkeringsplass – ein ser ikkje føre seg ein stor parkering her. Plassen er tenkt med lett opparbeiding for sommarbruk.



Området det ynskjest å

Figur 1: Område for regulering av parkering markert med raud pil


starte opp planarbeid på er i utgangspunktet med friluftsmål og veg. Det er gjennomført synfaring, samt tiltaksanalyse av planområdet. Tiltaksanalyse syner kva området består av, og ein ser at området består av morenemasse og annan masse. Det er litt lett tresetting /busker i nedste delen av



planområdet. Det er ikkje myr i planområdet. Det går ein bekk igjennom planområdet og flaumfare må handterast i framlegg til løysing/utforming av parkeringsarealet.

Figur 2: Planområdet for regulering av parkering Fjellparkvegen – Hovdenut

Planen vil erstatte deler av detaljregulering for Djupetjønn hyttegrend, planID 201702 og deler av detaljregulering for Hovden Fjellpark, planID 200705.



Det er i dag regulert til friluftsføremål og trafikkføremål. Det er ei flaumsone kring bekk.

#### Formelt grunnlag

[Plan- og bygningsloven §12-8](#)

[Bykle kommune delegeringsreglement](#)

[Detaljregulering Djupetjønn hyttegrend, planID 201702](#)

[Detaljregulering Hovden Fjellpark, planID 200705](#)

#### Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Det må gjennomførast grunnnerv, då grunnen er eigd av private. Dette vil medføre kommunen ein kostnad. Vidare vil planarbeidet i hovudsak bli utarbeidd av kommunen sjølv.

#### Vurderingar og konsekvensar

Parkering er eit tiltak som omhandlar tilrettelegging for friluftslivet, med auka bruk og trafikk til Hovdenuten med dagsturhytte og sherpasti.. Slik det er per no blir det parkert andre stadar og i innfarten til hyttefeltet. Ein ser behov for eit godt alternativ for parkering på eit område som har høg trafikk i periodar.

Planområdet har i hovudsak regulert til friluftsføremål.

Det er utført ei tiltaksanalyse som syner at det ikkje er myr eller viktige naturtypar i området. Det går ein bekk igjennom planområdet. Flaumfare må handterast i framlegg til løysing/utforming av parkeringsarealet.

#### Tilhøve til kommuneplanen

I kommuneplan ligg område som LNF-R samstundes er det føresegner om at reguleringsplanar skal gjelde framom arealdelen. Planføremålet er å understøtte sti- og løypeplan med tilrettelegging av parkering til Hovdenuten-stien.

#### Konsekvensar for folkehelse

Positivt for folkehelse med tilrettelegging av friluftsliv og tilkomst til ein populær sti opp til Hovdenut.

Bykle,

Kommunedirektør

**Vedlegg:**

- 1 Referat oppstartsmøte 14.12.2023
- 2 Planinitiativ parkering Fjellparkvegen Hovdenut.pdf
- 3 Detaljregulering parkering Fjellparkvegen Hovdenut.pdf

**Melding om vedtak blir sendt til:**



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Vår ref:  
2023/1880-6

Sakshandsamar:  
Alida Rundhovde Mørenskog  
Alida.Morenskog@bykle.kommune.no

Dato:  
20.12.2023

<b>OPPSTARTSMØTE FOR : Regulering parkering Fjellparkvegen - Hovdenut</b>	
<b>REFERAT: Referat oppstartsmøte 14.12.2023</b>	
Plantype <input checked="" type="checkbox"/> Detaljreguleringsplan <input type="checkbox"/> Områdeplan <input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsendring	
<b>Eigedom: gnr /bnr 2/8 og 2/523</b>	
<b>Saksnummer:</b> 2023/1880	<b>PlanID:</b> Ettersendast
<b>Sakshandsamar:</b> Alida Rundhovde Mørenskog	<b>Stilling:</b> arealplanleggjar
<b>Møtestad:</b> Teams	<b>Møtedato:</b> torsdag 14. desember 2023
Deltakarar:	
Forslagsstillar (F)/tiltakshavar (T):	Kommunen:
David Danielsen (Henning Larsen)	Signe B. Sollien Haugå (ikkje tilstades, får ettersendt referat)
Stig Erik Ørum (Henning Larsen)	Bjørn Einar Andersen
	Alida R. Mørenskog

#### HANDSAMINGSGEBYR 2022

Reguleringsplan + tillegg for kvar eining:  Kr. beløp,- for planen + Kr. beløp , pr eining.  Små/mindre endringar: Kr beløp,- Eigne kommunale planar: Kr.0,00  Gebyret skal fakturerast straks saka takast opp til 1.gongs handsaming. Beløpet skal ikkje refunderast dersom planane eventuelt vert forkasta. Beløpet omfattar ikkje utgifter til kunngjering om igangsetjing av regulering, jfr. <a href="#">plan- og bygningslovas § 12-8</a> , då desse dekkast av den private part.	Namn/firma, adresse og kontaktperson fakturaen skal sendast til:
--	--

## Formål oppstartsmøte

Avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal legge grunnlaget for ein god planprosess. Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet og andre moment er angitt så langt det har vore mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøtet. Korkje oppstartsmøtet eller referatet gir rettigheter i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, protestar frå bebuarorganisasjonar, krav frå offentlege myndigheiter mv. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet, og evt. endring av framdrifta i prosjektet.

## 1. ORIENTERING OM PLANFORSLAGET

### (Kort orientering frå forslagsstillar - Føremål, utfordringar, tiltak, vurdering av behovet for KU)

Innregulering av parkeringsplass for turgåarar ( tursti til Hovdenut).. Parkeringsplass primært til sommarbruk, og enkel opparbeiding med grusdekke. Det er ikkje tenkt etablering av sanitæranlegg eller renovasjon på plassen.

Parkeringsplassen vil bli utforma for oppstilling av bilar og vende plass / manøvreringsareal for buss.

LNF-område, må utgreiast. I dagens plan står det at det ikkje er tillat med tiltak utover ivaretaking og vedlikehald av sti til Hovdenut for LF1. Del av LF1 vil endre formål til parkering.

Flaumsone som går igjennom området, inkludera bekk. Lukka eller open løysning må vurderast i planarbeidet.

VA-går igjennom området, privat nett, Henning Larsen undersøker moglegheit for å få tak i underlag frå privat eigar. Mogleg å høyre med velforeining / grunneigar.

Vurderer det ikkje som naudsynt med KU, då det ikkje har vesentlege verknader for miljø og samfunn. Avsett i kommuneplan som LNF-formål, endring med omsyn til kommuneplan. Konsekvensen av planen vert beskrive og vurdert i planarbeidet.

## 2. PLANFØRESETNADER

**Planstatus** (namn og dato på gjeldande planar):

Fylkes(del)plan(ar) / Regionale planar (Tilhøve som ikkje er innarbeida i Kommuneplanen)	<ul style="list-style-type: none"><li>- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)</li><li>- Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging (2018)</li><li>- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (2021)</li><li>- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)</li><li>- Naturmangfaldlova</li><li>- Regionplan Agder 2030</li><li>- Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)</li></ul>
Kommuneplanens arealdel (noverande planformål)	Kommuneplan 2018-2030, planID 201701
Kommunedelplan(ar) (noverande planformål)	<u>Kommunedelplan Hovden, planID 201109</u>
Områderegulering	

Detaljregulering	Djupetjønn hyttegrend, planID 201702 og Hovden Fjellpark, planID 200705
Planar som grensar inn til planområdet	Hovden Fjellpark, planID 200705

Vil planforslaget samsvare med overordna plan/gjeldande reguleringsplan

<input type="checkbox"/>	<b>Ja</b>
<input checked="" type="checkbox"/>	<b>Nei</b> (følgast opp med merknad om kva som er avvik.)
Merknadar: LNF-område i gjeldande reguleringsplan, samt kommuneplan. Planlagt parkering / vegformål i noverande LNF-område.	

Planar som skal opphevast og erstattast

Planen vil erstatte følgande planar i sin heilskap:	
Planen vil erstatte deler av følgande planar:	- Djupetjønn hyttegrend, planID 201702 - Hovden Fjellpark, planID 200705

Er det planarbeid i tilgrensande områder

<input checked="" type="checkbox"/>	<b>Ja</b> (følgast opp med merknad)
<input type="checkbox"/>	<b>Nei</b>
Merknadar: Sjekk dette opp. Eldre planarbeid – gnr.bnr 2/523 – sak 2018/876	

### 3. FØRINGAR

Nasjonale og regionale føringar (lista er ikkje uttømmande)

<input checked="" type="checkbox"/>	Styrking av barn og unges interesser (RPR)
<input type="checkbox"/>	Nasjonal landbrukspolitikk
<input type="checkbox"/>	Villrein – Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
<input type="checkbox"/>	Kulturminne
<input checked="" type="checkbox"/>	Universell utforming ( <a href="#">Nasjonale forventningar</a> , <a href="#">Rundskriv T-5/99B</a> , <a href="#">diskrimineringsloven</a> , mf.)
<input type="checkbox"/>	Verna vassdrag (RPR)
<input checked="" type="checkbox"/>	Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR)

Kommunale føringar (lista er ikkje uttømmande)

<input checked="" type="checkbox"/>	Kommuneplanens arealdel 2018 – 2030, plankart, føresegner og retningslinjer
<input checked="" type="checkbox"/>	Kommunedelplan Hovden, 2013 – 2025 (planID 201109), plankart, føresegner og retningslinjer
<input checked="" type="checkbox"/>	Kommunedelplan ski- og turløyper (planID 200813), plankart, føresegner og retningslinjer
Merknadar: Universell utforming – v/ HC-plasser.	

### 4. KONSEKVENSGREIING (klargjere vesentlege verknader for miljø og samfunn)

<input type="checkbox"/>	Forslaget <b>utløyser krav</b> om konsekvensutgreiing, jf <a href="#">KU-forskrifta 01.07.2017</a>
<input type="checkbox"/>	- Planen faller innunder <a href="#">forskriftens § 6</a> - Alltid konsekvensutgreiast
<input type="checkbox"/>	- Planen faller innunder <a href="#">forskriftens § 8</a> - Planar som skal vurderast nærare i samsvar <a href="#">med § 10</a>
<input checked="" type="checkbox"/>	Forslaget utløyser <b>ikkje</b> krav om konsekvensutgreiing
<input type="checkbox"/>	Forslaget vil kunne utløyse krav om konsekvensutgreiing. Kommunen vurderer og vil gi tilbakemelding innan 4 veker (ref Kap. 11).
Merknadar: Dersom planen skal konsekvensutgreiast skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet leggest ut på høyring samstundes med varsel og kunngjering om oppstart av planarbeid. Det skal kome fram av varselet kvifor planen skal konsekvensutgreiast.  NB! Dersom planen ikkje skal konsekvensutgreiast <b>skal det</b> kome fram av varselet kvifor utgreiinga er unødvendig.	

## 5. VIKTIGE UTGREIINGSBEHOV FOR PLANARBEIDET - foreløpig vurdering

Reguleringsplanar som ikkje er omfatta av krav om konsekvensutgreiing vil normalt ha mindre verknad på miljø og samfunn enn dei planane som omfattast av forskrifta om konsekvensutgreiingar. For planar som ikkje omfattast av forskrifta vil det då som hovudregel være nok med ei kvalitativ vurdering og skildring av verknadene for miljø og samfunn. Formålet er å synleggjere kva planen vil medføre for partar i saka, interesser og omsyn på ein dekkande måte.

De fleste tema under påverkar folks helse direkte eller indirekte. Korleis dette er vurdert og ivaretatt i planen må kome fram av planskildringa.

Planfaglege vurderingar –Forhold som bør/ skal utgreiast i samband med planarbeidet (lista er ikkje komplett):

Temaområder	
<b>Bygg - kulturminne - estetikk</b>	
<input type="checkbox"/>	Stadtypisk arkitektur – Enkeltbygg
<input checked="" type="checkbox"/>	Siktelinjer – fjern og nær – høgder
<input type="checkbox"/>	Kulturlandskap
<input type="checkbox"/>	Kulturminne
Merknadar:	
<b>Infrastruktur</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Vatn, avløp og overvatn (klimatilpassing). Privat/kommunalt leidningsnett i området, kapasitet og tilstand. Brannvatn.
<input type="checkbox"/>	Høgspenlinjer
<input checked="" type="checkbox"/>	Vegtekniske forhold
<input checked="" type="checkbox"/>	Trafikale forhold/ trafiksikkerheit/tilkomst
<input type="checkbox"/>	Sosial infrastruktur (barnehage, skule mm.)
<input type="checkbox"/>	Kollektivtrafikk
<input type="checkbox"/>	Leik
<input checked="" type="checkbox"/>	Skiløyper/turløyper
<input type="checkbox"/>	Renovasjon
Merknadar: parkering ink. for vending / manøvreringsareal for buss. Skal primært vere for sommarbruk .Ev. vinterbruk føreset at delar av plassen blir nytta til snøopplag innafor regulert trafikkareal.	
<b>Landskap, natur og vilt</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Biologisk mangfald – miljøfaglege vurderingar/naturmangfaldlova
<input type="checkbox"/>	Verdifull vegetasjon
<input checked="" type="checkbox"/>	Landskap – topografi, landskapselement, silhuettar, terrenginngrep
<input type="checkbox"/>	Villrein – trekksoner
Merknadar:	
<b>Landbruk</b>	
<input type="checkbox"/>	Dyrka mark/utmark
<input type="checkbox"/>	Skog
Merknadar:	
<b>Friluftsliv og opphald</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Grønstruktur/rekreasjon/friluftsiinteresser
Merknadar:	
<b>Bu kvalitet</b>	
<input type="checkbox"/>	Sol/skugge/vind
<input checked="" type="checkbox"/>	Barn/unges oppvekstvilkår – leik, skuleveg, møteplassar, mv.



<input checked="" type="checkbox"/>	Tilgjengelegheit for alle – universell utforming
Merknader:	
<b>ROS, samfunnssikkerhet og miljø. (ref pbl § 4-3)</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Klima/klimatilpassing (flaum, snø, isgang, vassmagasin)
<input type="checkbox"/>	Steinsprang/jordskred
<input type="checkbox"/>	Snøskred
<input type="checkbox"/>	Grunnforureining
<input type="checkbox"/>	Støy
<input type="checkbox"/>	Drikkevatt
<input checked="" type="checkbox"/>	Andre ting (sjå merknadar)
Merknader: Bekk kan vere flaumutsett og flaumfare og handtering av vassvegar må vurderast.	

## 6. FØREBELS AVGRENSING AV PLANOMRÅDET

<input checked="" type="checkbox"/>	Kommunen og forslagsstillar har gjort ei førebels avgrensing av planområdet. Tal på dekar (daa) spesifiserast.
<input type="checkbox"/>	Er det hefte på nokon av eigedomane i planområdet?
Merknader: Foreløpig 3,2 daa. Planavgrensning avklarast internt av administrasjonen, oversendes til forslagsstillar.	

## 7. KOMMUNAL GRUNN

<b>Kompenserande tiltak</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Behov for oppkjøp av kommunal grunn
<input type="checkbox"/>	Leggast det opp til kompenserande tiltak
Merknader: Behov for oppkjøp av privat grunn.	

## 8. KOMMUNENS FØREBELSE RÅD

Tema/utfordringar som særskilt må utgreiast, behov for illustrasjonsmateriale mm.

Tilråding: Tilrår oppstart
Merknader:
Alltid: Plankart og føresegnar skal vere detaljerte nok til å sikre dei kvalitetane som omtalast i planskildring. Det vil seie at dersom ein særleg bruk av fargar, materiale, overflater mm. sjåast på som ein viktig kvalitet, må dette følgast opp i juridisk bindande plandokument. Planføresegn - Skal være eintydige og juridisk i samsvar med <a href="#">§ 12-7 i plan- og bygningslova</a> . Plankart er eit juridisk dokument og skal difor vere heilt eintydig. Det skal vere 100 % samsvar mellom plankart og planføresegn.

## 9. GJENNOMFØRING AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG

<input type="checkbox"/>	Tiltaket krev utbetring/utbygging av kommunaltekniske anlegg
<input checked="" type="checkbox"/>	Krav om godkjente tekniske planar (veg, vatn og avlaup)
Merknader:	

Utbyggingsavtale	
<input type="checkbox"/>	Trong for utbyggingsavtale
<input type="checkbox"/>	Forhandle om utbyggingsavtale med kommunen parallelt med planprosessen.
Merknader:	

Privatrettslege tilhøve	
<input type="checkbox"/>	Avklart
<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje avklart
<input type="checkbox"/>	Hefte på eigedom(ar)
Merknader: Kommunen vil arbeide med tanke på grunnnerverv frå rørte grunneigarar parallelt med reguleringsarbeidet..	

Parallell handsaming av byggesak og plansak (jfr PBL Kap. 12-15) Kapittel 12. <a href="#">Reguleringsplan</a> Kapittel 13. <a href="#">Midlertidig forbud mot tiltak</a> Kapittel 14. <a href="#">Konsekvensutredninger for tiltak og planer etter annet lovverk</a> Kapittel 15. <a href="#">Innløysing og erstatning</a>	
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Merknader:	

## 11. KUNNGJERING

Særlege moment som må kome fram i kunngjeringstekst	
Kven skal/skal ikkje ha varselbrev (alle parter i og tilgrensande til planområdet, NVE, SVV, FM, FK, Velforeining, Kabelselskap, Bergverksvesenet mv)	

## 12. MEDVERKNAD OG INFORMASJON

Aktuell informasjon/medverknad ut over krav i pbl	
<input type="checkbox"/>	Informasjonsmøte for partar/naboar
<input type="checkbox"/>	Annonser
<input type="checkbox"/>	Ope kontor
<input type="checkbox"/>	Kontakt med velforeining – Lokale velforeiningar bør alltid bli kontakta
<input type="checkbox"/>	Skule og barnehage
<input type="checkbox"/>	Brukarundersøking
<input type="checkbox"/>	Anna
Merknader:	

## 13. FRAMDRIFT

Forslagsstillar sin dato for varsling av oppstart og evt kunngjering av planprogram	Dato
Eventuell fastsetting av planprogram	Dato
Forslagsstillars planlagde dato for oversending av planforslag til kommunen	Dato
Forventa fyrstegangshandsaming i planutvalet	Dato
Merknader: <i>Interne rutinar før 1. gangs handsaming: Kommunen sin sakshandsamar syter for intern høyring etter at komplett planforslag er motteke, før saka fremmast til politisk 1.gongs handsaming i planutvalet. Det er planutvalet som fattar vedtak om offentleg ettersyn.</i>  <i>Bykle kommune gjer merksam på at forslagsstillar må levere planforslag i samsvar med planlagt framdrift. Dersom planforslag vert innsendt etter denne dato kan ikkje kommunen garantere at fristen på 12 veker kan overhaldast. Dersom forslagsstillar har behov for endra framdrift må dette klargjerast med kommunen for å få ny dato for forventa fyrstegongs handsaming.</i>	

## 14. KRAV TIL KOMPLETT PLANFORSLAG

Planforslag som ikkje er komplett i samsvar med lova og krava under, kan ikkje takast opp til handsaming før forslaget er endra/supplert.

<b>Skal alltid finnast</b>	
<input checked="" type="checkbox"/>	Plankart – Leverast som pdf og sosi-data. Plankart er eit juridisk dokument og skal difor vere heilt eintydig. Det skal vere 100 % samsvar mellom plankart og planføresegn.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planføresegn - Skal være eintydige og juridisk i samsvar med <a href="#">§ 12-7 i plan- og bygningslova</a> . Sjå kommunens mal for oppsett av planføresegn.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planskildring inkl ROS-analyse - Sjå reguleringsplanretteleiar utgitt av KMD, samt <a href="http://www.planlegging.no">http://www.planlegging.no</a>
<input checked="" type="checkbox"/>	Refererte merknadar med kommentarar (Som eige kapittel i planskildringa)
Merknader:	

<b>Illustrasjonsmateriale</b> (Vurderast frå sak til sak)	
<input type="checkbox"/>	Illustrasjonsplan
<input type="checkbox"/>	Fotomontasje/ 3D teikningar

<input type="checkbox"/>	Perspektivteikningar
<input type="checkbox"/>	Snitt-teikningar
<input type="checkbox"/>	Vegprofil
<input type="checkbox"/>	Modell
<input type="checkbox"/>	Aktuelle analyser
<input type="checkbox"/>	Anna
Merknadar: Det kan kome krav om nytt illustrasjonsmaterieill undervegs i planprosessen.	

## 15. GENERELLE KRAV

Krav til kunngjering om igangsetjing av planarbeid

<input type="checkbox"/>	Forslagsstillar skal kunngjere igangsetjing av planarbeidet.
<input type="checkbox"/>	Oversiktskart for stadfesting, der planområdet og varslingsområdet er merka på kartet, leverast kommunen som sosifil.
<input type="checkbox"/>	Kart 1:1000 – 1:5000 med merka planavgrensing (raster ØK + bygg samt eigedomsgrenser, grunnkart)
<input type="checkbox"/>	Brev som orienterer om føremålet med planforslaget, dagens og framtidig planstatus samt reguleringsføremål.
<input type="checkbox"/>	Kunngjeringstekst skal godkjennast av sakshandsamar i kommunen <u>før</u> offentleg varsling.

Krav til kart

Planframstillinga skal være digital etter SOSI-standard, i siste sosi versjon. Det skal brukast oppdaterte kartgrunnlag i planarbeidet.

## 16. ADRESSERING I NYE FELT

I nye felt skal vegnamn fremmast når forslag til reguleringsplan vert lagt fram. Dei namna som er i bruk ligg på kommunen si heimeside. Her er lenka, [vegadresser i Bykle kommune](#)

Tildeling av vegnamn skal godkjennast av språkrådet og av formannskapet. Forslagsstillar må difor sende brev eller e-post til [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no) om kva for vegnamn han vil ha i den nye planen.

Tomter skal nummererast med dei framtidige offisielle adressenummera. Vi går no bort frå tomtenummer. Grunneigar skal informere kjøpar av tomta kva som blir adressa. I Bykle bruker vi partal på høgre side av hovudvegstrengen og oddetal på venstre side.

Ved oppmåling vert det tildelt gards- og bruksnummer, og dette vil så bli kopla til den offisielle adressa. Kommunen koplar offisiell adresse til matrikkelen når det er gjeve løyve til tiltak.

For å kom fram til passende vegnamn er det tilrådd å bruke stadnamn som høyrer til plassen, men med normert skrivemåte.

Døme: Falkefjell, Plassevegen, Bergstøyllii osv.

Offisiell adresse vert då kan hende «Bergstøyllii 32»

Dette nummeret skal vere det same som står på tomta på plankartet.



(Lurer du på noko, kan du kontakte Bykle kommune.)

Med helsing  
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå  
Plansjef  
Alida Rundhovde Mørrenskog  
arealplanleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Kopi til:  
Eivind Severinsen

Sarvsvegen 14


Oppdragsgivar  
**Bykle kommune**

Rapporttype  
**Planinitiativ**

Dato  
**13.12.2023**

# Planinitiativ

## PARKERING FJELLPARKVEGEN - HOVDENUT



**PLANINITIATIV  
PARKERING FJELLPARKVEGEN - HOVDENUT**

Oppdragsnavn **Detaljregulering parkering Fjellparkvegen**  
Prosjekt nr. **378020535**  
Mottakar **Bykle kommune**  
Dokument type **Planinitiativ**  
Versjon **1**  
Dato **07/12/2023**  
Utført av **DADA**  
Kontrollert av **DADA**  
Godkjent av **[Name]**  
Omtale **Planinitiativ detaljregulering parkering Fjellparkvegen - Hovdenut**



## INNHALD

<b>1.</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
<b>2.</b>	<b>KONTAKTINFORMASJON</b> .....	<b>4</b>
<b>3.</b>	<b>KORT PRESENTASJON AV PLANINITIATIVET</b> .....	<b>5</b>
3.1	Føremålet med planen .....	5
3.2	Plassering av planområde og tilgrensande område .....	5
3.3	Planområdet .....	7
3.4	Bygg .....	8
3.4.1	Arealbruk .....	8
3.4.2	Trafikk, tilkomst og parkering .....	8
3.4.3	Verknad av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader .....	8
3.4.4	Samfunnstryggleik .....	9
<b>4.</b>	<b>GJELDANDE PLANSTATUS</b> .....	<b>9</b>
4.1	Kommuneplanens arealdel .....	9
4.2	Kommunedelplan .....	9
4.3	Reguleringsplan .....	10
4.4	Tilstøytane planar, tiltak i nærområdet. ....	12
4.5	Kommunale vedtekter og retningslinjer .....	13
4.6	Aktuelle planretningslinjer og regionale føringar .....	13
<b>5.</b>	<b>KRAV TIL PLANPROGRAM OG KONSEKVENSGREIING</b> .....	<b>15</b>
<b>6.</b>	<b>VARSLING OG PLANAVGRENSING</b> .....	<b>16</b>
6.1	Føreslått plangrense .....	16
6.2	Varslingstekst .....	16
6.3	Kven skal varslast .....	17
6.4	Medverknad .....	17
<b>7.</b>	<b>VEDLEGG</b> .....	<b>18</b>
7.1	Planavgrensing .....	18



# 1. Innleiing

Planinitiativet inneheld forslag til regulering av delar av eigedomar, med gards- og bruksnummer 2/523 og 2/8 på Hovden i Bykle kommune, for parkeringsføremål. Planområdet er 3,2 dekar. Hensikta med initiativet er å danne grunnlaget for eit oppstartsmøte med planmyndigheitene i Bykle kommune. Dokumentet er utarbeidd i samsvar med forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova.

GNR/BNR	EIGAR	Størrelse (daa)
2/523	Privat	Delar av eigedom
2/8	Privat	Delar av eigedom

Tabell: Eigedomar innanfor plangrensa.

# 2. Kontaktinformasjon

## Tiltakshavar

Tiltakshavar: Bykle kommune  
 Kontaktperson: Alida Rundhovde Mørenskog  
 Telefon: 37 93 85 00  
 E-post: [Alida.Morenskog@bykle.kommune.no](mailto:Alida.Morenskog@bykle.kommune.no)

## Fagkyndig plankonsulent

Firma: Henning Larsen Architects AS  
 Kontaktperson: David Danielsen  
 Adresse: Vestre Strandgate 67, 4612 Kristiansand  
 Telefon: 908 380 33  
 E-post: [david.danielsen@henninglarsen.com](mailto:david.danielsen@henninglarsen.com)

## Oppstartsmøte

Følgande personar deltok i møtet:

Alida Rundhovde Mørenskog	-	Bykle kommune
Bjørn Einar Andersen	-	Bykle kommune
Signe Berit Sollien Haugå	-	Bykle kommune (Ikkje tilstades. Referat ettersendt)
Stig Erik Ørum	-	Henning Larsen Architects AS
David Danielsen	-	Henning Larsen Architects AS

## 3. Kort presentasjon av planinitiativet

### 3.1 Føremålet med planen


I samband med eksisterande tursti til Hovdenut er det tidvis utfordrande parkeringsforhold i området ved Fjellparkvegen og Hovden Fjellpark. Etableringa av sherpatrapp og dagsturhytte på toppen av Hovdenut vil truleg medføre aukande trafikk inn i området, og dermed skape eit ytterlegare behov for parkeringsplassar i framtida. Målet med planen er å leggje til rette for gode parkeringsmoglegheiter for besøkande, og sikre framkommelegheit for eksisterande hytteeigarar og nødetatar. Tilrettelegging for ålmmenta rekreasjonsmoglegheiter er eit viktig tiltak som sikrar god folkehelse, og er i tråd med statlege og kommunale føringar. Etablering av nye parkeringsplassar vil løysa ein del av dagens utfordringar i området då det tidvis er mangel på parkeringsplassar.



Figur 1: Oversyn over området der ein framtidig parkeringsplass er planlagd. Turstien til Hovdenut er markert med grønt.


### 3.2 Plassering av planområde og tilgrensande område

Planområdet ligg på Hovden i Bykle kommune, øvst i Setesdal i Agder fylke. Hovden ligg om lag 800 meter over havet og er ein populær turiststad omgitt av vakre naturområde. Det aktuelle området ligg 1 km vest-nordvest for Hovden sentrum i eit veletablert fritidsbustadområde, med Fjellparken hytteområde mot nord, og Djupetjønn hytteområde mot sør. Området er i gangavstand frå Hovden sentrum, Hovden Badeland og Hovden Skisenter. Vidare er det også kort veg til skiløyper i vintersesongen.



**Figur 2: Planområdets plassering i forhold til Hovden sentrum og omkringliggende hyttefelt. Kjelde: Kommuneplan Bykle.**

Hovdenut (1119 moh) er eit populært turmål for turgåarar. Turen er rekna til 1 time kvar veg, og mange startar turen frå Hovden Fjellpark.




**Figur 3: Plasseringa av planområdet med Hovdenut i bakgrunnen. Kjelde: 3dx.kommunekart**



Figur 4: Illustrert turløype til Hovdenut. Kjelde: Ut.no


### 3.3 Planområdet

The planlagde parkeringsplassen er tiltenkt på eigedom 2/523 og 2/8. Nord for den planlagde parkeringa ligg Hovden Fjellpark hytteområde, og sør for planområdet ligg Djupetjønn hyttegrennd.



Figur 5: Lokalisering av framtidig parkeringsplass. Eigedomsavgrensingar er merkte med raud farge. Kjelde: HL

Slik det kjem fram av figuren under, er det turstiar og sykkelløyper som vert nytta i sommarsesongen. I vintersesongen er det preparerte skiløyper i området som er ein del av sambandet mellom Otrosåsen og alpinanlegget.



Figur 6: Plasseringa av planområdet i høve til tursti og sykkel-løype. Kjelde: windy.com

### 3.4 Bygg

#### 3.4.1 Arealbruk

Området blir tilrådd regulert til desse føremåla:

- Parkering

#### 3.4.2 Trafikk, tilkomst og parkering

Tilkomst skjer via Fjellparkvegen, som også er åtkomstveg til Fjellparken hytteområde. Det er i dag om lag 150 hytter som nyttar Fjellparkvegen som tilkomstveg. I tillegg til dette kjem besøkande til hyttene, samt turgåarar til turstien opp til Hovdenut. Vegen er privat, men blir truleg brøytta om vinteren i tråd med ein avtale i regi av velforeininga.

#### 3.4.3 Verknad av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Etablering av parkeringsplassar vil i liten grad påverke viktige naturverdiar og landskap, men vil bidra til å sikre god framkomme for besøkande og hytteeigarar. Det aktuelle området som foreslås regulert til parkering blir i dag ikkje nytta til rekreasjon. Ein framtidig parkeringsplass knytt til Fjellparkvegen vil ligge på eit flatt område nordvest for fritidsbustader mot sørvest. Det er eit bekkeløp i området som også delvis vil påverkast av planforslaget. Vurderingar rundt dette vil vere ein del av arbeidet i det komande planarbeidet.


### 3.4.4 Samfunnstryggleik

Det skal utarbeidast ein risiko- og sårbarheits analyse (ROS) for planen. Denne vil avklare om området eller tiltaket skapar risikoar som må sikrast. Området ligg tilknytt åtkomstvegen til Fjellparken, som tidvis er ein trafikkert veg til nærområdet fritidsbustader. Det bør også sjåast nærare på risiko i høve flaum, sidan det er eit bekkeløp i nærleiken. I gjeldande reguleringsplan for Djupetjønn hyttegrend er det markert ei faresone for flaum i det foreslåtte planområdet. Dersom parkeringsplassen skal bestå av harde flater, kan dette få betyding for overvatnshandteringa.

## 4. Gjeldande planstatus

### 4.1 Kommuneplanens arealdel

I kommuneplanen sin arealdel for Bykle kommune (2018-2030) er området sett av til LNF-formål. I samband med reguleringsplanen bør difor konsekvensane i høve til den planlagde endringa utgreiast i planarbeidet.




Figur 7: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel for Bykle i området ved Hovden Fjellpark.. Kjelde: kommunekart

### 4.2 Kommunedelplan

Kommunedelplanen for Hovden (2013–2025) vart vedteken av kommunestyret 28.06.2012 og er ei detaljering av kommuneplanen. Reguleringsplanane Djupetjønn hyttegrend (Plan ID 201702, vedteken 26.04.2018) og reguleringsplan Hovden Fjellpark (Plan ID 200705, vedteken 18.12.2008), er begge ein del av denne. I kommunedelplanen for Hovden er det ei detaljeringsone som betyr at reguleringsplanane framleis skal gjelde.

### 4.3 Reguleringsplan


Det aktuelle området ligg innanfor reguleringsplan Djupetjønn hyttegrend (Plan ID 201702, vedteken 26.04.2018) og Hovden Fjellpark (Plan ID 200705, vedteken 18.12.2008), der området i dag er regulert til o\_LF1 (friluftsmål), o\_SGS1 (Gang-/sykkelveg), og privat veg. Det er i gjeldande plan, i o\_LF1, ikkje er tillate med tiltak utover vedlikehald og ivaretaking av eksisterande sti til Hovdenut. Tiltak i samband med stien skal jf. føresegnene for Djupetjønn hyttegrend § 8.8. avklarast med fylkeskommunen. Det er òg markert ei flaumsone (H320) innanfor o\_LF1 i nærleiken av Fjellparkvegen.



Figur 8: Utsnitt av nordleg del av gjeldande reguleringsplan for Djupetjønn hyttegrend. Kjelde: Plankart




Figur 9: Historisk utvikling frå 2005 (th.) til i dag (tv.) i området. Djupetjønn hyttegrend har vore under utvikling. Situasjonen i 2005 i Fjellparken er omtrent lik dagens situasjon.



Figur 10: Reguleringsplan Djupetjønn hyttegrend markert. Kjelde: seplan.no



#### 4.4 Tilstøytane planar, tiltak i nærområdet.



Figur 11: Oversyn over tilstøytane reguleringsplanar i nærleiken av det foreslåtte planområdet. Kjelde: [kommunekart.com](http://kommunekart.com)

- Hovden Fjellpark (Plan ID 200705, vedteken 18.12.2008) er nærliggande plan mot nordvest.
- Reguleringsplan Hovden del 2 (Plan ID 199701, vedteken 10.09.1997) mot nordaust.
- Reguleringsplan Dyregrenda Sør (Plan ID 201902, vedteken 03.09.2020)
- Djupetjønn hyttegrend (Plan ID 201702, vedteken 26.04.2018)

#### 4.5 Kommunale vedtekter og retningslinjer



Figur 12: Utsnitt av restriksjonsområde omkring Hovden. Kjelde: svr.no

I Bykle kommune er om lag 60% av arealet verna. Areala vest for Hovden i det aktuelle planområdet er ikkje innanfor naturverns- eller ferdselsrestriksjonsområda. Dette gjeld også for området til turstien til Hovdenut.

#### 4.6 Aktuelle planretningslinjer og regionale føringar

- **Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)**  
Hensikta med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stad- og byutvikling.
- **Statleg planretningslinje for klima og energiplanlegging (2018)**  
Formålet med desse statlege planretningslinjene er å:
  - a) sikre at kommunane går føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp.
  - b) sikre meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging i kommunane.
  - c) sikre at kommunane nyttar eit breitt spekter av sine roller og verkemiddel i arbeidet med å redusere klimagassutslepp.
- **Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (2021)**  
Formålet med retningslinja er å leggje til rette for ein langsiktig arealdisponering og planlegging av det fysiske miljøet som fremjar trivsel og bu kvalitet, førebyggjer helsekonsekvensar av støy, samt varetek og utviklar gode lyd miljø og stille område.

- **Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)**
  - a) Synleggjere og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova.
  - b) Gje kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i si løpande planlegging og byggjesaksbehandling.
  - c) Gi eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.
  
- **Naturmangfaldlova**

Formålet med naturmangfaldlova er å ta vare på mangfaldet i naturen ved berekraftig bruk og vern.
  
- **Regionplan Agder 2030**

Regionplan Agder 2030 er eit overordna strategisk styringsdokument for utviklinga av heile Agder. Den vart vedteken i 2019 og beskriv dei viktigaste utfordringane og moglegheitene for landsdelen, eit ønskt framtidsbilete for 2030, og kva som skal til for å nå konkrete mål.
  
- **Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)**

Hovudmålet med Heiplanen er å fastsetje ei klar grense for eit nasjonalt villreinområde (NVO) som vartek villreinens arealbruk til ulike årstider. Det skal fastsetjast retningslinjer og føringar for ein heilskapleg arealforvaltning i området som også vartek lokalsamfunna sine behov for ei langsiktig positiv utvikling. Planen er retningsgivande utan bindande arealkart og føresegner.

## 5. Krav til planprogram og konsekvensutgreiing

Det er vurdert om det er behov for Konsekvensutgreiing (KU) i samband med planarbeidet, i samsvar med forskrifta om konsekvensutgreiingar av 1. juli 2017 med vedlegg. Vedlegg 1 og 2 til forskrifta om konsekvensutgreiingar angir kva som automatisk fører til konsekvensutgreiing, og kva som skal vurderast dersom planen skal konsekvensutgreiast.


Vi finn ikkje at tiltaket har vesentlege verknader for miljøet og samfunnet, og fell difor ikkje inn under KU-forskrifta. Planen er derfor ikkje vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Alle aktuelle forhold, sjølv plantiltaket og verknadene, vil bli skildra på vanleg måte i reguleringsplanen si planomtale. Saka (planvedtaket) vil bli opplyst tilstrekkeleg gjennom dette.

## 6. Varsling og planavgrensning

### 6.1 Føreslått plangrense

Følgjande figur viser den førebelse avgrensinga av planen. Planområdet er 3,2 dekar og omfattar eigedommane (gnr/bnr) 2/523 og 2/8.



Figur 13: Planavgrensning Fjellparkvegen. Kjelde: Henning Larsen AS

### 6.2 Varslingstekst

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1 og 12-8 varslast det at Henning Larsen Architects AS, på vegne av Bykle kommune, startar arbeidet med detaljregulering for delar av eigedommane gbnr 2/523, 2/8, på Hovden, i Bykle kommune.

Hensikta med reguleringsplanarbeidet er å leggje til rette for parkering i tilknytning til turløypa til Hovdenut. Det planleggast parkeringsplassar for å dekke området framtidige behov. Planområdet vil få åtkomst frå Hovden Fjellpark.

Planområdet er i dag regulert til friluftsmål o\_LF1, o\_SGS1 (Gang-/sykkelveg), og privat veg. Planområdet er 3,2 dekar, og er i kommuneplanen for Bykle kommune 2018–2030 avsett til LNF-formål. Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6-8, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing. Planområdet omfattast av gjeldande reguleringsplan for Djupetjønn hyttegrend (plan ID 201702) og Hovden Fjellpark (plan ID 200705).

Eventuelle spørsmål, synspunkt eller opplysningar som vert vurdert som vesentlege for planarbeidet, kan rettast til David Danielsen, eller sendast skriftleg til Henning Larsen Architects AS v/David Danielsen, Vestre Strandgate 67, 4612 Kristiansand.

**Frist for tilbakemeldingar er **xx.xx.xxxx**.**

Med venleg helsing

David Danielsen

90838033

[david.danielsen@henninglarsen.com](mailto:david.danielsen@henninglarsen.com)

### **6.3 Kven skal varslast**

Offentlege organ:

- Statsforvaltaren i Agder
- Agder Fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Glitre Nett AS
- NVE

Andre:

Naboar i samsvar med eiger lista til kommunen


### **6.4 Medverknad**

Naboar og andre interessentar vil få høve til medverknad gjennom varsel om oppstart. Naboar og offentlege organ skal varslast med brev. Igangsetjing av planarbeidet skal også varslast i ei lokalavis og på kommunen si nettside.

Det er på dette tidspunktet ikkje planlagt open møte om planane.

# 7. Vedlegg

## 7.1 Planavgrensing



### Tegnforklaring

### Reguleringsplan PBL 2008

#### Linjesymbol

— — — — — Plangrense

#### Kartopplysninger

Kilde for basiskart:

Dato for basiskart:

Koordinatsystem: ETRS89.UTM-32N

Høydegrunnlag:

Ekvidistanse: 1m

Kartmålestokk: 1:5000 m

0 25 50m



#### Detaljregulering

### Detaljregulering parkering Fjellparkvegen - Hovdenut

Med tilhørende reguleringsbestemmelser

Bykle  
kommune

Arealplan-ID:

202401

Forslagsstiller:

Bykle kommune

#### SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

SAKS-NR	DATO	SIGN

Dato	12.12.2023	Revisjon	XXX
Dato	XXX	Revisjon	XXX
Dato	XXX	Revisjon	XXX

#### Kommunestyret sitt vedtak

Ny 2. gang behandling

Offentlig ettersyn fra ..... til .....

2. gangs behandling

Offentlig ettersyn fra ..... til .....

1. gangs behandling

Kunngjøring av oppstart av planarbeid

Oppstartsmøte...

PLANEN ER UTARBEIDET AV:

**Henning  
Larsen**

PLANKONSULENT

TEGNNR.	DATO	SIGN
	12.12.2023	

Det bekreftes at planen er i samsvar med kommunestyrets vedtak av

BekreftDato  
Dato

PLANSJEFNAVN  
Plansjef